

## Årsmelding 2012

### Styret

I styret har vore: Per Øen (leiar), Jørn Svingeset (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Jan Bakke (sekretær), Eivind Kongsvik (styremedlem)

Det har vorte halde eitt Ekstraordinært Årsmøte (samanslåing med Hornindal skyttarlag) og eitt Medlemsmøte om same sak.

Vidare har det vore 5 styremøter, nokre av dei felles med Hornindal skyttarlag, og vi har handsama 25 saker.

Det har vore 3 fellesmøter med Hornindal skyttarlag vedkomande Skifelt-NM 2013, og eitt planleggingsmøte om Landsdelskretsstemne i feltskyting.

Leiar Per Øen var utsending til Ombodsmøte i Nordfjord skyttarsamlag på Nordfjordeid, samt Ekstraordinært Ombodsmøte same stad vedkomande Val.

### Anlegg

Vi har dessverre ikkje makta å utføre alt opp-pussingsarbeidet etter flaumen i fjor. Plenen har vorte planert og sådd til, men mangel på drenering gjer at ”problemområdet” framleis er blautt deler av sommaren.

Plastringa av elva er ikkje utført, dels grunna vanskar med å få tak i maskin, og dels grunna usikkerheit om utføring ved Kvithelle-brua. Ved for høg bar på vår side, vil elva reise bort på Teigane.

Vi fekk tak i noke underlag for kunstgras med tanke på å kle opp att standplassane. Eit prøveprosjekt vart sett i gong. Banenemnda må vurdere om vi skal ta resten også.

Gjerdet rundt anlegget har falert, med det resultat at kyr har late seg friste av plenane våre.

Etter mykje om og men fekk vi laga til ein lynskadeoversikt som Gjensidige var fornøgd med, og erstatningssummen er no utbetalt. Takk til Jarle for god hjelp her!

### Arrangement

Vi har, saman med Hornindal skyttarlag, arrangert Vintertreffen og Samlagsstemne i miniatyr med god deltaking.

Den 9. og 10. juni assisterte vi Hornindal skyttarlag med å arrangere Landsdelskretsstemne i Feltskyting.

Ein gamal ide om feltløype i området Jutdalstjønna vart tatt fram, og etter mykje førearbeid gjennomførte dei to laga eit flott stemne som vi fekk mange lovord for.

Finalane gjekk på Tua søndagen, og vart teknisk godt gjennomført sjølv om underbemanning gjorde at resultatservicen kunne vore betre.

Olsokstemnet vart godt gjennomført med heile 240 deltakarar. Vinnar av både stemnet og Olsokskyting vart Bernt Tore Inderøy frå Hyllestad med 393p/148p. Hyen skyttarlag vann lagskytinga med 435 p medan Ole Arild Aa frå Hyen sikra seg Sparebankpokalen til odel og eige.

Det har vore halde Lagsskyting i både Miniatyr og Bane.

### Resultat

Dessverre har det også i år vore lite deltaking frå Markane-skyttarane. Men Andreas Solvik oppnådde å bli Heradsmeister. Andreas greidde også det kunststykke å skyte 150p på 15-skota under Miniatyrstemne i Hornindal. Sjølv om det ikkje helt heilt ut, er det likevel ein sterk prestasjon.

Kåre R. Haugen og Rasmus Flore har delteke i ein del stemne og hevda seg godt i høvesvis kl. 1 og V65. Kåre var også einaste deltakar frå laget under LS på Voss.

Lagsskytinga samla ikkje dei store mengdene, men Andreas Solvik vart lagsmeister med 333p.

I kl. R vann Leif Rune Myrvang med 222p medan Anders Flore og Maren Flore deltok i ASP.

I Lagsskyting Miniatur kapra Jarle Tvinnereim sin førebels siste tittel med 235 p. Anders Flore i kl. R fekk også 235 p.

### **Aktivitetar**

Suksessen med Bedrifts-cup på miniatyrbana vart følgd opp i vinter. Det deltok i år 15 lag, og dei beste under årets skyting vart Fedrene med 718 p, Stryn Energi 2 med 714 p og Tussa 1 med 712 p.

Jægercupen samla også i år mange ivrige skyttarar og er framleis ein suksess.

Skytingens Dag hadde bra med deltakarar, og det vart vist mykje god skyting. Årets Jæger vart Alf Muldsvor med 100p føre Arne Bøe (99p) og Arild Seljeseth (98p)

Årets Jaktlag vart Terdalen med 290 p føre Låven (282 p) og Blåsvadet (280 p)

Vendefigur vann Andreas Solvik med 41 p.

Jaktskytinga har gått føre seg som tidlegare år. Det er alltid jægerar som ”ikkje får det til å passe” sjølv om dei har utallige høve til både Treningsskot og Prøvetaking men slik vil det vel alltid vere.

### **Utleige**

I år er det vel kun Stryn og Hornindal Jæger- og Fiskeforening, samt eit privat arrangement som anlegget har vore utleigd til.

### **Sosialt**

Saman med Hornindal skyttarlag inviterte vi til Funksjonærfest på Sindre i slutten av august.

Vi freista med gratis mat og drikke samt fin dansemusikk, men berre eit fåtall møtte opp.

Stor takk til Inger Marie, Ole Perry og Magnar som på kort varsel stilte opp som kokkar og servitørar.

Andreas viste ein særst interessant billedserie frå jaktturen i Sør-Afrika.

Takk også til musikal Arne Haugen som grunna lite ”fres” tok spelinga som ei treningsøkt.

### **Økonomi**

Bingoen vår er framleis største inntektskjelda sjølv om det vart ein nedgong i 2012.

Rekneskapen viser ei inntekt på vel 73.000,- etter at gevinstar er utbetalt, men frå denne summen går utgifter til materiell, annonser, 21-gevinstar og kiosk.

Tilskot frå DFS utgjer i overkant av 32.000,- medan bruttoinntekt for stemne er 31.902,-.

Rekneskapen som i år er ført av Nils Heggdal i ein litt forenkla versjon, viser eit overskot på 30.150,38 .

### **Anna**

Æresmedlem og ein av dei mest markante personane i Markane skyttarlag si historie, Peder Hatlelid, gjekk bort tidlegare i haust. Laget heidra Peder sitt minne med blomster og minneord i kyrkja på gravferdsdagen. Han har vore sterkt sakna i miljøet etter at helsa svikta, og vi vil minnast Peder Hatlelid med vyrnad og takksemd.

Også eitt av våre nabolag, Rand skyttarlag, miste ein av sine ”stabbesteinar” i år. Per Kjell Åland vil bli huska også i vårt lag.

### **Oppgaver i året som kjem**

Med atterhald om at Årsmøtet går inn for ei samanslåing med Hornindal skyttarlag, blir det viktigaste no å få i gong eit interimstyre som skal "sveise" saman dei to laga. Det sitjande styret har laga til ei huskeliste som både det midlertidige styret og eit permanent styre kan ha nytte av.

Viss vi skal gjere alvor av planane om rehabilitering av standplassar m.m., må det setjast ned ei byggenemnd som utarbeider planar og kostnadskalkyle med tanke på spelemiddelsøknad hausten 2013.

Utover det bør dette med Aktivitet stå i høgsetet.

### **Avslutning**

Eg har sett fram mot dette årsmøtet og det å kunne "gå frå borde" som leiar og styremedlem. Det er ikkje nokon hemmelegheit at eg har gått lei, og føler skyttarlagsarbeidet som eit ork. Men takka vere Tore, Jan, Jørn og Eivind i styret samt fleire andre gode hjelparar, har vi kome oss igjennom på eit vis.

Spesiell takk til Jarle som alltid er der når vi treng ei hjelpande hand.

Då takkar eg for meg og ynskjer alle medlemmane lukke til i det nye laget. Husk at skal vi ha framgong må alle ta tak sjølv om vi no vert dobbelt så mange!

Markane 26.10.2012

Per Øen  
leiar